



Uskedalen har ry for at det skjer mykje spennande her og bygda fornekta seg ikkje denne månaden heller. Vi tenkjer ikkje berre på Vestlandsfanden som kjem siste helga i august men også på eit arrangement som kjem omrent samtidig: Lise skal ha auksjon i Helgheim! Det vert eit avgjort høgdepunkt.

Det er lenge sidan sist det var auksjon i bygda og det er grunn til å tru at nivået blir høgt med mange spennande ting, både riktig gamle og yngre.



Her presenterer vi 4 døme på kva som førebels er kome inn:  
Symaskin, tutgrammofoin, båtlys og diverse koppestell.



Etter kva vi forstår er det sal i kommisjon, Det tyder at alt blir seld for den som leverer det inn men at arrangøren får ein viss prosent..

Lise opplyser til uskedalen.no at det førebels ikkje er bestemt nokon dato og at ho kjem attende både med denne og eksakte opplysningar om kva som vil bli seld.

Dei som har aktuelle gjenstandar skal melda dei inn anten til nummer 48021629 eller 53486346

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

